



# Meiner det er feil at det er stort grunneigarfleirtal for vindkraft

*Roy Ove Svarstad meiner påstanden frå Stig Svalheim i Vestavind Energi om at det er stort grunneigarfleirtal for Bremangerlandet Vindpark, ikkje er riktig.*



**Ikkje einig:** Roy Ove Svarstad (i midten) meiner påstanden frå Stig Svalheim i Vestavind Energi om at det er stort grunneigarfleirtal for Bremangerlandet Vindpark, ikkje er riktig. Bildet er tatt på eit vndkraftmøte i Bremanger i mai. **FOTO: KJELL AGA ULVESTAD**

## NYHETER

### PUBLISERT:

10 DESEMBER 2019 10:30

### SIST OPPDATERT:

10 DESEMBER 2019 10:43

## Svanhild Breidalen

92619734

svanhild.breidalen@fjt.no



– Ei opptelling vi har hatt viser at det kun er eit knapt fleirtal. Det er nok at 1-2 av i alt 32 grunneigar skiftar side, så vil det vere likt på begge sider. Då er det ikkje riktig at det er stort fleirtal

for, seier Svarstad. Han viser til saka på fjt.no om at Vestavind Energi har sendt ekspropriasjonssak for Bremangerlandet Vindkraft til Sogn og Fjordane Tingrett, der det var ein førebauande telefonkonferanse med advokatane sist veke.

## – Prosederer i media

Svarstad meiner Svalheim prosederer saka i media.

– Eg reagerer på denne prosederinga av saka i media. Trusselbiletet er at viss du ikkje skriv under, blir vilkåra dårlegare. I februar fekk vi eit brev frå advokaten deira der det i grunn står at vi går til ekspropriasjonssak, vi treng ikkje snakka med dykk. Eg er samd med Arild Borgund Iversen på Stadlandet som i eit lesarinnlegg omtala det som «å få ein pistol mot tinningen». Ekspropriasjon i seg sjølv er ein trussel, meiner Svarstad.

## Samansett advokatbiletet

– Det er heller ikkje riktig at alle som har Frode Halvorsen frå Harris som advokat er samde om utbygging. I alt 14 grunneigarar som nyleg svarte på eit nabovarsel frå

▼ ANNONSE



disse har Halvorsen som advokat. Så biletet er meir samansett enn at dei to advokatane representerer kvar si gruppering.

– Vi hadde i grunn håpa på julefred i saka no, men det verkar ikkje som Svalheim tek formannskapet i Bremanger sitt klare nei til etterretning. Bremangerlander Vindpark har heller ikkje ein godkjent MTA-plan og bør la grunneigarane i fred inntil eventuelt begge disse to tinga er på plass, meiner Svarstad.

**GIKK DU GLIPP AV DISSE?**



**– Må gjere strukturgrep**



**Song julekantate med veldig vakre songar**




**– Det er med eit visst vemod at ein gir slepp på noko som har vore ein stor del av kvardagen**



**Meteorologane oppmodar om å binde fast lause gjenstandar**



**Fikk du med deg disse sakene i uka som gikk?**



**Se bildene fra kaibyggingen**

